

OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 20.08.2007 **Tid:** 15.30-19.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl .0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: Ass.adm.sjef Våge under heile møtet. Personalsjef Boge under skriv og meldingar vedk. løn. Kommunekasserar Eikestad under sakene 20/07-22/07

Merknader: Ass.adm.sjef var ugild under meldingssak om løn til leiarar.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 22. august 2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent med følgjande tilleggssak 22/07: Forvaltningskontroll av symjehallen.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Brit Olav Gåsdaal stilte spørsmål om framdrifta til den nye barnehagen på Gjerde og kvifor oppvekst og omsorg hadde oppnemnt byggjekomiteen.

Ass.adm.sjef orienterte om møte med Vestlandshus og arkitekten. Prosessen er noko forseinka pga skifte av teknisk leiar og ferieavvikling. Medlemmane i byggjekomiteen vart utpeika av kommunestyret i sak 22/05.

Jon Magne Bogevik stilte spørsmål om Lerøy Fisk sin aktivitet i elva til anlegget og kva det har å seia for reguleringa av Purkedalselva. Ordføraren ville at spørsmålet vart sendt over til administrasjonen, slik at ein fekk fram eit utfyllande svar.

Elin Liøen hadde fått tilbakemeldingar frå ferievikarar i pleie og omsorg om mangelfull opplæring. Administrasjonen orienterar pleie og omsorgsleiar om dette.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Personalsjefen orienterte om lønsforhandlingane med legane i kommunen og bad om fullmakt til å sluttforhandla dei. Utvalet ga administrasjonen dei nødvendige fullmakter.

Personalsjefen orienterte om forhandling av leiarløn og leiaravtalen. Han la fram oversikt over lønsnivået i andre kommunar. Frist for adm.sjef og ass. adm.sjef til å setja fram lønskrav vart sett til 5 september. Ordførar og varaordførar utgjer saman med personalsjefen forhandlingsutvalet i desse forhandlingane. Ass.adm.sjef var ugild under dette punktet og gjekk i frå.

Ordføraren orienterte om spennande tiltak som kan nyttast som ein del av opplæringsprogrammet for folkevalde. Eitt er "Lucky Nærrose" som kan vera eit eksempel på kva positiv dugnadsånd kan gjera i eit lite lokalsamfunn. KS har tilbod om opplæring og kommunen kan laga sitt eige. Utvalet vert utfordra til å drøfta dette vidare med partia sine og koma med innspel til neste møte.

Ordføraren orienterte og viste kart over fleire av dei kommunale eigedomane i kommunen. Ho ønskjer at PØ i budsjettprosessen skal ta ein gjennomgang og vurdere evt. vidareutvikling og/eller sal av desse.

Ordføraren orienterte om mange søknader om pengestøtte, som ho tenkjer å avslå. Utvalet hadde ikkje merknader til dette.

Ass.adm.sjef orienterte om utvekslingsprosjekt der 6 elevar og 2 lærarar i Samnanger reiser til Sigowet. Dei reiser i september til Kenya og besøker elevar som var på besøk i mai i Samnanger. Prosjektet vert delfinansiert med "oppsparte" midlar på fond i frå BUK og opplæring pedagogisk personale, samt 50% tilskot frå fredskorpset. Utvalet slutta seg til dette.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0019/07	01/00597 OMORGANISERING AV BIR, ENDRING AV AKSJONÆRAVTALE OG VEDTEKTER
0020/07	07/00199 SAL AV FRØLAND SKULEHUS - KLAGE PÅ VEDTAK
0021/07	06/00330 BUSTADFELT PÅ REISTAD - KOMMUNALT ENGASJEMENT
0022/07	05/00222 FORVALTNINGSKONTROLL - OVERSKRIDING SYMJEHALL

0019/07

OMORGANISERING AV BIR, ENDRING AV AKSJONÆRAVTALE OG VEDTEKTER

Handsaming i møte:

Marit Aase sette fram eit framlegg liklydande vedtaket, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Omorganisering av BIR, endring av aksjonæravtale og vedtekter.

Samanger kommune sluttar seg til uttalen frå Generalforsamlinga i BIR a/s, 20.06.07.

1. Med bakgrunn i Konkurransetilsynet sitt brev til eigarane 10.10.05, og KS Bedrift sine styrerettsreglar og generalforsamlinga i BIR sin uttale, 20.06.07, vil Samanger kommune anbefala eigarane å endra aksjonæravtalen og vedtektene slik at BIR konsern kan organiserast som det vert foreslått og i samsvar med konkurransetilsynet sin påteikning.
2. Når det gjeld aksjonæravtalen vil Samanger kommune støtta at siste avsnitt i avtalen sitt pkt. 6 går ut.
3. Samanger kommune vil be om at saka vert behandla i eigarane sine besluttande organ i god tid før det skal avklarast nyval av representantar til selskapet sine ulike organ.

0020/07

SAL AV FRØLAND SKULEHUS - KLAGE PÅ VEDTAK

Framlegg til vedtak:

Samanger kommune meiner at sal av Frøland skule er gjennomført på ein rett måte.

Klagen frå Joakim Totland vert ikkje teken til følge.

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdaal sette fram følgjande framlegg: "Klagen frå Joakim Totland v/adv.Heine Tvilde dagsett 20. juni og 4. juli 2007 vert teken til følgje. Joakim Totland får kjøpa Frøland skule med bod dagsett 22. mai. 2007. Eigedomen vert selt slik han står med dei rettar og plikter som kviler på bruket.

Grunngjeving: Det ligg ikkje føre dokumentasjon på kva sum Anton Drønen ville by for eigedomen før i skrivet dagsett 31. mai 2007, som i beste fall er 6 dagar etter at fristen for å gje bod gjekk ut. Det er dermed eit gyldig bod, nemleg frå Joacim Totland. Det vert heller ikkje rett av kommunen å avstå frå sal i og med Personal- og økonomiutvalet i møtet 12 juni vedtok at prisen på kr. 400.000 var akseptabel. "

Utvalet drøfta om vedtaket hadde klagerett. Vedtaket er ikkje eit enkeltvedtak jfr.

Forvaltningslova § 2 og interesserte kjøparar av Frøland har derfor ikkje klagerett etter

Forv.lova på utvalet sitt første vedtak. Utvalet har likevel valt å vurdera saka på nytt.

Det vart røysta alternativt over framlegget til Gåsdaal og tilrådinga. Gåsdaal sitt framlegg fekk ei røyst. Tilrådinga fekk 4 røyster og vart vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune meiner at sal av Frøland skule er gjennomført på ein rett måte. Klagen frå Joakim Totland vert ikkje teken til følgje.

0021/07

BUSTADFELT PÅ REISTAD - KOMMUNALT ENGASJEMENT**Handsaming i møte:**

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:

”Bustadfelt på Reistad – Samnanger kommune tek opp eit lån på 2.5 million kroner med inntil 5 års avdragsfridom avdragsfritt lån til kjøp av gnr. 18 bnr. 5.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

”Bustadfelt på Reistad – Samnanger kommune tek opp eit lån på 2.5 million kroner med inntil 5 års avdragsfridom avdragsfritt lån til kjøp av gnr. 18 bnr. 5.”

0022/07

FORVALTNINGSKONTROLL - OVERSKRIDING SYMJEHALL**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Marit Aase sette fram følgjande fellesframlegg:” PØ løyver kr. 25.000,- til forvaltningskontroll av byggjeprosess i samband med rehabilitering av symjehallen på Samnanger ungdomsskule.

Pengane vert løyvd av konto for tilleggsøyvingar.”

Framlegget vart vedteke mot ei røyst.

Vedtak:

PØ løyver kr. 25.000,- til forvaltningskontroll av byggjeprosess i samband med rehabilitering av symjehallen på Samnanger ungdomsskule.

Pengane vert løyvd av konto for tilleggsøyvingar.